

Årsmelding 2016 Birtedalen sti- og løypelag



I tillegg til årsmøte har vi hatt 3 styremøter.

Saker har vore:

- konstituering av styret
- vidare arbeid med planane for 2016, brua ved Osen, rørlegging og pussing mellom Griddalsbekken og Bjåneset, løypa over Rjupeto?
- planlagt basar
- merkeprosjektet – vi fekk kr 20 491,-, blit ferdigstilt til sommaren
- heimeside for laget – www.birtedalenstiogloypelag.no
- teke opp innspel frå folk om ynskjer på utviding av løypa, Smylemoen til Jåmsfjell, Fjalebu til Ytretjønn og oppatt til Granbudalen, Griddalen,
- grendehuset, tøming av inventar og sal av det som seljast kan
- kommunal planstrategi – vi gav ingen høyringsuttale på dette
- handlingsplan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv – vi valgte å ikkje stå på handlingsplanen inntil vidare, det er ikkje enkelt å bli spelemiddelberettiga – krev veldig mykje arbeid
- årets løypebrev – ut i november
- søkt om momsrefusjon med hjelp frå rekneskapskontoret, vi fekk kr 39 229,-, hjelpa kosta oss ca 4 000,-
- planlegge årsmøte
- basar i 2017 blir 5.august
- arrangere barneskirenn i påska?
- mCASH eller VIPPS for laget?

2016 hadde vi 219 innbetalingar à kr 425,-.

Sidan vi sendte ut løypebrevet for 2017 i november 2016 har vi fått 131 innbetalingar à kr 500,- på rekneskapsåret 2016.

Birtedalen vant kåringa av kommunens mest attraktive friluftslivsområde i 2015. Dette kjem med i neste utgåve av NAF boka.

Basaren blei halden 6.august på gamlebutikken. Aase leia komiteen. Hovudgevinst var kniv frå Helge Tovslid Det kom inn kr 41 684,-. Utlegg til materiell og mat var kr 6 124 ,-.
Inntektene gjeng til arbeidet med stiar og løyper.

Der har vore 11 dagar med arbeid på brua ved Osen. Tilsaman 360 timar er lagt ned i dugnadsarbeid. 4 av dagane har vore stordugnad med mange deltakarar, frå 9 -14 stk som har stilt opp.

Arbeidet med rørlegging og pussing av løypa mellom Griddalsbekken og Bjåneset hadde vi entreprenør Krossli til å utføre.

Løypa over Rjupeto blir køyrd denne sesongen.

Løypekøyrarane og skiløyperane melder om fine løyper etter oppgraderingar.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde pr 31.12.15 1051 likarar, nå pr 14.03.17 har vi 1350 - ein god auk!

Grasrotmottakarar. Pr 31.12.16 hadde vi 34 spelarar. Det er auk på 25 frå året før.

14.03.17